

Tabell B-k

Inntektsgarantiordning. Kommunane

Inntektsgarantiordninga (INGAR) skal sikre at ingen kommunar har ein berekna vekst i rammetilskotet frå eit år til det neste som er lågare enn 300 kroner per innbyggjar under berekna vekst på landsbasis, før finansieringa av sjølve ordninga. Ordninga blir finansiert ved eit likt trekk per innbyggjar frå alle landets kommunar.

Inntektsgarantiordninga ser på den totale endringa i rammetilskotet. Kommunar med låg vekst i rammetilskotet vil med INGAR få kompensasjon uavhengig av om den låge veksten skuldast innlemming av øyremerkte tilskot, systemendringar, nedgang i folketalet, endringar i regionalpolitiske tilskot, endringar i kriteriedata eller andre forhold.

Endringar i inntektsutjamnande trekk/tilskot som følgje av endra skatteutjamning eller skatteinngang blir ikkje kompensert gjennom inntektsgarantiordninga. Endringar i skjønstillskotet, veksttilskotet eller saker med særskild fordeling (tabell C-k) blir heller ikkje kompensert gjennom INGAR, sidan dette er tilskot som blir gjeve til særskilde formål eller i ein tidsavgrensa periode. Kommunar som slår seg saman får kompensasjon for bortfall av rammetilskot som følgje av samanslåinga. Kompensasjonen blir i sin heilheit gjeve gjennom inndelingstilskotet, og vil også inngå i grunnlaget for berekning av inntektsgarantiordninga i inntektssystemet.

Inntektsgarantiordninga for 2015 blir berekna med utgangspunkt i rammetilskotet til kommunane etter revidert nasjonalbudsjett 2014. Dette rammetilskotet blir korrigert for skjønstillskot i 2014, saker med særskild fordeling i 2014 (saker i tabell C-k), veksttilskotet i 2014, inndelingstilskotet i 2014, korrekjonar og inngåande/utgåande fordeling av tilskot som blir innlemma/trekt ut av inntektssystemet i 2015. Rammetilskotet til kommunane i 2015 blir korrigert tilsvarende for skjønstillskot i 2015, saker med særskild fordeling i 2015, inndelingstilskotet i 2015 og veksttilskotet i 2015. Deretter blir den korrigerte veksten frå 2014 til 2015 berekna, på landsbasis og for kvar einskild kommune.

Den korrigerte veksten på landsbasis frå 2014 til 2015 er på 1 084 kroner per innbyggjar. Dersom ein kommune har ein korrigert vekst i rammetilskotet som er lågare enn 784 kroner per innbyggjar, får kommunen tilskot gjennom inntektsgarantiordninga tilsvarende differansen mellom eigen vekst i rammetilskotet, og ein vekst på 784 kroner per innbyggjar. I tillegg må alle kommunar vere med å finansiere INGAR, gjennom eit trekk i innbyggjartilstskotet. INGAR blir berekna på grunnlag av innbyggjartal per 1. juli 2014.

Kolonne 1 – Rammetilskot 2014

Kolonne 1 viser rammetilskot til kommunane etter revidert nasjonalbudsjett 2014, eksklusive ufordelt skjøn.

Kolonne 2 – Skjønstillskot 2014

Kolonne 2 viser skjøn fordelt av fylkesmannen og skjøn fordelt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet som kompensasjon for endringane i inntektssystemet i

2011, for 2014. Kolonnen inneholder ikke ufordelt skjøn m.m. Skjønstillskot inngår ikke i berekninga av inntektsgarantiordninga, og må trekkest ut av rammetillskotet for 2014 i berekninga av INGAR.

Kolonne 3 – Saker med særskild fordeling 2014

Kolonne 3 viser fordelinga av tre enkeltsaker med særskilt fordeling i 2014. Fordelinga i kolonnen er ytterlegare dokumentert i tabell C-k i Grønt hefte 2014.

Kolonne 4 – Veksttilskot 2014

Kolonne 4 viser veksttilskotet i 2014. Tilskotet er dokumentert i tabell D-k i Grønt hefte 2014.

Kolonne 5 – Inndelingstillskot 2014

Kolonne 5 viser inndelingstillskotet i 2014. Tilskotet er ein del av saker med særskilt fordeling (kolonne 3), som blir halde utanfor berekninga av inntektsgarantiordninga. Frå og med 2015 blir ikke lenger inndelingstillskotet halde utanfor i berekningane av inntektsgarantiordninga.

For Inderøy kommune er det i tillegg lagt inn ein korreksjon på -11,5 mill. kroner i denne kolonna. Dette for å korrigere ut ein feil i berekningane av inntektsgarantiordninga i 2014, som ikke skal vidareførast i 2015.

Kolonne 6 – Inngåande fordeling kompensasjon samhandlingsreforma

Frå og med 1. januar 2012 fekk kommunane medfinansieringsansvar for medisinske opphald og konsultasjonar i spesialisthelsetenesta, og betalingsansvar frå dag 1 for utskrivningsklare pasientar som blir liggande på sjukehus. Dei kommunane som dei siste åra før samhandlingsreforma hadde eit høgare forbruk innan kommunal medfinansiering og utskrivningsklare pasientar enn dei ville få når midlane vart fordelte etter kostnadsnøkkelen, fekk dirfor ein eigen kompensasjon, i ei overgangsperiode. Midlane vart fordelte i tabell C-k i åra 2012-2014. Frå og med 2015 blir midlane fordelte på ordinær måte gjennom kostnadsnøkkelen i inntektssystemet. Rammetillskotet for 2014 blir korrigert for fordelinga i 2014 i utrekninga av inntektsgarantiordninga i 2015.

Kolonne 7 – Summen av korreksjonar i 2015

Kolonne 7 viser summen av endringar i rammetilskotet i 2015 som det blir korrigert for i berekninga av inntektsgarantiordninga for 2015.

Korreksjonar i 2015 (beløp i 2014-kroner)	(1000 kr)
Tilskot til gjeldsrådgjeving	10 700
Auka likeverdig handsaming av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar	93 100
Valfag ungdomstrinnet 10. trinn	95 500
Auka kontantstøtte	-481 400
Reversering av innføring av kulturskuletilbod i skule/SFO	-105 300
Reversering av ordninga med gratis frukt og grønt	-150 000
Auka tal for elevar i statlige og private skuler	-74 400
Redusert eigendel for personar på dobbeltrom	15 000
Styrka tilsyn med barn i fosterheim	2 000
Auka eigendel i statlege barnevernsinstitusjonar	160 000
Finansiering av kurs ved Ål folkehøgskule og kurssenter for døve	-500
Tuberkuloseførebyggjande arbeid	-1 100
Styrking av NAV sine kontaktsenter	-11 600
Adopsjon, flytting av utredningsansvar frå kommunane til Bufetat	-4 400
Endring av ansvar for produksjon og utsending av valkort	-17 500
Samhandlingsreforma kommunal medfinansiering	-5 509 400
Uttrekks av frigjorte midlar ved utbygging av tilbod om augeblikkleg hjelp	-86 400
Brukarstyrt personlig assistanse	291 300
Auka maksimalpris barnehage	-303 000
Auka middel ved uttrekk kontantstøtte	245 000
Moderasjonsordning i barnehage	108 200
Sum endringar	-5 724 200

Tabellen over gjev ei oversikt over dei ulike sakene det blir korrigert for i 2015. Merk at beløpa i tabellen over er i 2014-kroner. Under er ein kort omtale av dei ulike sakene, med beløp i 2015-kroner. Sjå Prop. 1 S (2014–2015) frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet for ein nærmare omtale av endringane.

- *Innlemming av tilskot til gjeldsrådgjeving*
I 2006 blei det oppretta eit øyremerkt tilskot for å stimulere til samarbeid mellom små kommunar og til utvikling av tenester knytt til økonomi- og gjeldsrådgjeving. Økonomisk rådgjeving er ei obligatorisk communal teneste ved NAV-kontora. I utgangspunktet er alle innbyggjarane i kommunen målgruppe for tenesta, men ho er òg eit viktig verkemiddel for å unngå eller redusere bruken av økonomisk sosialhjelp. I 2013 blei det gjeve 11 mill. kroner i tilskot til 22 interkommunale nettverk med til saman 109 kommunar. Frå 2015 blir det føreslått å leggje det øyremerkte tilskotet inn i inntektssystemet til kommunane som frie inntekter i kap.571, post 70, sjå Prop. 95 S (2013–2014), Innst. 300 S (2013–2014).
- *Likeverdig handsaming av kommunale og ikkje-kommunale barnehagar*
Stortinget vedtok ved handsaminga av statsbudsjettet for 2014 å auke minimumstilskottet til ikkje-kommunale barnehagar frå 96 til 98 pst. frå 1. august

2014. I statsbudsjettet for 2015 blir kommunane kompenserte for heilårsverknaden av tiltaket med om lag 95,9 mill. kroner.

- *Valfag 10.trinn*
Stortinget vedtok ved handsaminga av statsbudsjettet for 2014 å innføre valfag for 10. trinn frå hausten 2014. Valfag utgjer 1 ½ time på kvart trinn, der ½ time er ny tid og 1 time er ei omfordeling av eksisterande timetal. I statsbudsjettet for 2015 blir det føreslått å kompensere kommunane for heilårsverknaden av tiltaket med 95,5 mill. kroner.
- *Avvikling av kulturskuletime i skule/SFO*
Stortinget vedtok ved handsaminga av statsbudsjettet for 2014 å avvikle ein veketime med frivillig og gratis kulturskuletilbod i SFO-tida (kulturskuletimen). Effekten av avviklinga av kulturskuletimen for våren 2015 er berekna til 108,5 mill. kroner, som blir trekt frå rammetilskotet.
- *Avvikling av ordning med frukt og grønt i grunnskulen:*
Stortinget vedtok ved handsaminga av statsbudsjettet for 2014 å avvikle ordninga med frukt og grønt i grunnskulen. Effekten av avviklinga av ordninga for våren 2015 er berekna til 154,5 mill. kroner, som blir trekt frå rammetilskotet.
- *Auka elevtal i statlege og private skular*
Som følgje av at elevtalet i statlege og private skular aukar, er rammetilskotet til kommunane redusert med 74,4 mill. kroner.
- *Redusert eigendel for personar på dobbeltrom – heilårseffekt av endring i 2014*
Stortinget vedtok ved handsaminga av statsbudsjettet for 2014 å innføre redusert eigenbetaling for bebruarar som mot si vilje bur på dobbeltrom ved langtidsopphald i kommunal helse- og omsorgsinstitusjon. I statsbudsjettet for 2015 blir det føreslått ein auke i rammetilskotet til kommunane på 15 mill. kroner som delvis kompensasjon for heilårsverknaden.
- *Styrka tilsyn med barn i fosterheim*
I statsbudsjettet for 2014 blei kommunane kompenserte for endringane i reglane for tilsyn med barn i fosterheim som trådde i kraft i 2014. I statsbudsjettet for 2015 blir det føreslått å auke rammetilskotet til kommunane med 2 mill. kroner som kompensasjon for heilårsverknaden.
- *Auka kommunal eigendel i statlege barnevernsinstitusjonar*
Regjeringa føreslår å auke den kommunale eigendelen ved plassering i barnevernsinstitusjonar og sentre for foreldre og barn til inntil om lag 65 000 kr. per månad frå 1. januar 2015. Det blir føreslått å kompensere kommunane med totalt 160 mill. kroner.
- *Finansiering av tilbod til barn ved Ål folkehøgskule*
Ål folkehøgskule og kurssenter for døve tilbyr tilpassingskurs etter folketrygdlova § 10-7 også til barn under skulepliktig alder. For at folkehøgskulen skal kunne gjennomføre dette kurstilbodet på ein god måte, gjev skulen tilbod om barnepass for familiarar som deltek på kurs i døvespråk ved skulen. Dette tilbodet har tidlegare

blitt finansiert som eit barnehagetilbod, men er i røynda eit kurstilbod for døve barn med pårørande eller døve vaksne med familiar. I revidert nasjonalbudsjett for 2014 blei finansieringa av dette tilbodet overført til folketrygda ved at 0,4 mill. kroner blei overført frå kap. 571, post 60 til kap. 2661, post 76 under Arbeids- og sosialdepartementets budsjettområde, jf. Prop. 93 S (2013–2014) og Innst. 260 S (2013–2014). Budsjetteffekten for 2015 er anslått til 0,5 mill. kroner.

- *Tuberkuloseforebyggjande arbeid*

Som følgje av ei omlegging av rutinane i arbeidet med å forebygge tuberkulose frå 1. juli 2014, vedtok Stortinget ved handsaminga av revidert nasjonalbudsjett for 2014 å overføre 1 mill. kroner frå kommunane sitt rammetilskot til kap. 732, post 72 – 75. Endringa får heilårsverknad i 2015, og difor blir det føreslått å overføre ytterlegare 1,1 mill. kroner frå rammetilskotet til kommunane i 2015.

- *Styrking av kontaktsentra i Arbeids- og velferdsetaten*

Som varsle i kommuneopposisjonen for 2015 blir det føreslått å styrke kontaktsentra til Arbeids- og velferdsetaten for å gje brukarane av dei kommunale tenestene like god service på telefon som brukarar av statlege tenester. Tiltaket vil innebere ei avlastning for kommunane og er føreslått finansiert gjennom rammetilskotet til kommunane med 11,6 mil. kroner.

- *Endringar i adopsjonslova*

Ved handsaminga av Prop. 171 L (2012–2013) *Endringer i adopsjonsloven mv.* vedtok Stortinget mellom anna at ansvaret for utgreiing av adoptivsøkjarar blir flytta frå kommunane til Barne-, ungdoms- og familieetaten. Tidspunktet for iverksetjing er sett til februar 2015. Sidan endringa avlastar kommunane, er det føreslått å redusere rammetilskotet til kommunane med 4,4 mill. kroner i 2015 mot ein tilsvarande auke på kap. 855, post 01.

- *Produksjon av nye valkort*

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt eit framlegg om endringar i vallova ut på høyring. Det er mellom anna føreslått at kostnadene ved produksjon og utsending av valkort som i dag blir dekt av kommunane, skal dekkjast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet frå og med 2015. Dei totale kostnadene utgjer om lag 18 mill. kroner, og midlane blir overførte frå rammetilskotet til kommunane til valløyvinga (kap. 579).

- *Avvikling av kommunal medfinansiering av spesialisthelsetenesta*

Som varsle i kommuneopposisjonen for 2015, føreslår Regjeringa å avvikle kommunal medfinansiering av spesialisthelsetenesta (KMF) i 2015. Utrekket frå kommuneramma er basert på beste anslag for faktiske KMF-utgifter i 2015, dvs. utgiftsnivået kommunane ville ha hatt til oppgåva ved uendra ansvar. Det blir difor føreslått at kommuneramma blir redusert med 5 509,4 mill. kroner i 2015.

- *Uttrekk av midlar ved utbygging av tilbod for augeblikkleg hjelp*

Oppbygging og drift av døgntilbod for augeblikkleg hjelp i kommunane er fullfinansiert gjennom overføringer frå budsjettet til Helse- og omsorgsdepartementet. Finansieringa kjem som eit direkte bidrag frå dei regionale helseføretaka. Behandling av pasientar i det kommunale døgntilbodet avlastar

spesialhelsetenesta og dermed også kommunane sine utgifter til KMF. Ved berekninga av uttrekket frå kommuneramma i samband med avviklinga av KMF, er anslått aktivitet knytt til nye døgntilbod i kommunane halde utanom. Det blir difor føreslått at kommuneramma blir redusert med 86,4 mill. kroner i samband med oppbygginga av tilboden om augeblakkleg hjelpe.

- *Brukstyrt personleg assistanse (BPA)*

I 2015 trår det i kraft endringar i brukar- og pasientrettighetsloven som inneber ein rett til å få somme tenester organisert som personleg brukstyrt assistanse. Dei samla meirkostnadane av framlegget er anslått til 291,3 mill. kroner i 2015, og det blir føreslått å kompensere kommunesektoren gjennom ein auke i rammetilskotet.

- *Maksimal foreldrebetaling i barnehage*

Regjeringa føreslår i statsbudsjettet for 2015 å fastsetje maksimalprisen for ein heiltids barnehageplass til 2 580 kroner per månad og 28 380 per år. Det gjev ein reell auke i maksimalprisen på 100 kroner per månad. Framlegget fører til ein reduksjon i rammetilskotet med om lag 312 mill. kroner.

- *Redusert etterspurnad etter barnehage som følge av auka kontantstøtte*

Ved handsaminga av statsbudsjettet for 2014 blei rammetilskotet redusert med om lag 344 mill. kroner som følge av at auka kontantstøtte for eittåringar var venta å føre med seg ein nedgang i etterspurnaden etter barnehageplassar. I revidert nasjonalbudsjett for 2014 vedtok Stortinget å auke rammetilskotet med 175 mill. kroner fordi søkerne til barnehageopptaket var høgare enn venta. Uttrekket frå kommuneramma får heilårsverknad i 2015. I statsbudsjettet for 2015 blir rammetilskotet redusert med om lag 243,4 mill. kroner.

- *Moderasjonsordningar i barnehage*

Regjeringa vil innføre ein betre sosial profil på foreldrebetalinga i barnehagen gjennom eit nasjonalt minstekrav til redusert foreldrebetaling for familiær med låg inntekt. Det blir føreslått å kompensere kommunane ved ein auke i rammetilskotet på 108,2 mill. kroner i 2015.

Kolonne 8 – Korrigert rammetilskot 2014

Kolonne 8 viser korrigert rammetilskot for 2014. Kolonnen er kolonne 1 fratrukte kolonnane 2, 3 og 4, pluss kolonne 5, 6 og 7. Kolonnen er grunnlaget for berekning av absolutt korrigert vekst frå 2014 til 2015.

Kolonne 9 – Rammetilskot 2015 (før INGAR)

Kolonne 9 viser rammetilskot til kommunane i 2015, eksklusive ufordelt skjøn, før berekning av inntektsgarantiordninga.

Kolonne 10 – Skjønstilskot 2015

Kolonne 10 viser skjøn fordelt av fylkesmannen og skjøn fordelt av Kommunal- og moderniseringsdepartementet som kompensasjon for endringane i inntektssystemet i 2011, før 2015 (jf. tabell 1-k, kol. 7 og 8). Kolonnen inneheld ikkje ufordelt skjøn m.m. Skjønstilskot inngår ikkje i berekninga av inntektsgarantiordninga, og må trekkast ut av rammetilskotet for 2015 i berekninga av INGAR.

Kolonne 11 – Saker med særskild fordeling 2015

Kolonne 11 viser fordelinga av seks enkeltsaker med særskild fordeling. Saker som ligg i tabell C-k skal ikkje inngå i berekninga av inntektsgarantiordninga, og rammetilskotet for 2015 må korrigeraast for dette. Fordelinga i kolonne 11 er ytterlegare dokumentert i tabell C-k.

Kolonne 12 – Veksttilskot 2015

Kolonne 12 viser veksttilskotet i 2015 (jf. tabell 1-k, kol. 5). Veksttilskotet inngår ikkje i INGAR, og må korrigeraast ut av rammetilskotet for 2015 før berekning av INGAR.

Kolonne 13 – Inndelingstilskot 2015

Kolonne 13 viser inndelingstilskotet i 2015. Tilskotet er ein del av saker med særskilt fordeling (kolonne 11), som blir halde utanfor berekninga av inntektsgarantiordninga. Frå og med 2015 blir ikkje lenger inndelingstilskotet halde utanfor i berekningane av inntektsgarantiordninga.

Kolonne 14 – Korrigert rammetilskot 2015

Kolonne 14 viser rammetilskotet til kommunane i 2015, korrigert for skjønstilskot i 2015, saker med særskilt fordeling i 2015, veksttilskot i 2015 og inndelingstilskot i 2015. Kolonnen er kolonne 9 minus kolonnane 10–12, pluss kolonne 13.

Kolonne 15 – Absolutt korrigert vekst 2014-2015 (i 1000 kr)

Kolonne 15 viser absolutt korrigert vekst i rammetilskotet til kommunane frå 2014 til 2015. Veksten er vist i 1 000 kroner. Kolonnen er kolonne 14 minus kolonne 8.

Kolonne 16 – Absolutt korrigert vekst 2014-2015 (kr pr. innb.)

Kolonne 16 viser absolutt korrigert vekst i rammetilskotet til kommunane frå 2014 til 2015. Veksten er vist i kroner per innbyggjar, og er berekna med utgangspunkt i innbyggjartal per 1. juli 2014. Gjennomsnittleg vekst på landsbasis er 1 183 kroner per innbyggjar. Det gjev ei vekstgrense for å få inntektsgarantitilskot i 2015 på 883 kroner per innbyggjar ($1\,084 - 300 = 784$).

Kolonne 17 – Inntektsgarantiordning før finansiering (kr pr. innb.)

Kolonne 17 viser inntektsgarantiordninga for 2015 i kroner per innbyggjar, før finansieringa av sjølv ordninga. Kommunar som har ein vekst i rammetilskotet (absolutt korrigert vekst) som er lågare enn 784 kroner per innbyggjar blir kompensert opp til denne vekstgrensa.

Kolonne 18 – Inntektsgarantiordning 2015 (kr pr. innb.)

Kolonne 18 viser nettoeffekten av inntektsgarantiordninga i kroner per innbyggjar, altså INGAR inkludert finansiering. Sidan INGAR er ei omfordelingsordning, er alle kommunane med på å finansiere tilskotet med eit likt beløp per innbyggjar. I 2015 er finansieringa 63,4 kroner per innbyggjar

Kolonne 19 – Inntektsgarantiordning 2015 (1 000 kr)

Kolonne 19 viser inntektsgarantiordninga i 2015 i 1 000 kroner. Kolonnen er lik kolonne 18 multiplisert med innbyggjartal per 1. juli 2014 (sjå tabell F-k, kolonne 2). Talet på inntektsgarantiordninga blir nytta vidare i tabell 2-k, kolonne 5.